

## Referat frå møte i RHF-a si strategigruppe for forskning - onsdag 25. februar 2015

Kl. 09:30 – 14:30

Radisson Blu Airport Hotell, Oslo Gardermoen

**Til stades:** Baard-Christian Schem, Tove Klæboe Nilsen, Erlend Smeland, Henrik Sandbu, Alf Henrik Andreassen, Randi Vad, Maiken Engelstad, Katrine W. Bjerde, Svetlana Zykova, Marianne van der Wel, Mari Nes, Henrietta Blankson, Øystein Krüger, Anne Karin Lindahl

**Forfall:** Rune Sundset, Gunnar Sivertsen, Ernst Omenaas, Siv Mørkved, Nils Olav Refsdal

**Frå sekretariatet:** Sølvi Lurfald og Ingrid Kalsnes

### **01/2015 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

Konklusjon:

Fire saker vart meldt inn under eventuelt. Innkalling og dagsorden vart godkjent.

### **02/2015 Godkjenning av referat - møte i strategigruppa 16.10.2014**

Konklusjon:

Referatet frå møtet vart godkjent.

### **03/2015 Tverregionale forskingsmidlar**

På møtet mellom dei administrerande direktørane i RHF-a 19. januar 2015 vart tildelinga av dei tverregionale midlane stadfesta. Det vart tildelt midlar til 11 prosjekt. To prosjekt var sett på venteliste. Tildelingsbrev og avslagsbrev er sendt ut. Etter ei gjennomgang av budsjetta har det første prosjektet på ventelista blitt tildelt midlar. Til saman har 12 prosjekt av dei totalt 66 prosjekta som søkte dei tverregionale midlane, fått tildeling, sjå vedlegg. Alle prosjektleiarar har fått tilsendt den vitskapelege vurderinga av søknaden. Vedlagt følgjer notat om prosessen, samt andre dokument som er nytta i oppfølginga av tildelinga.

På bakgrunn av stor interesse frå mellom anna politikarar, vart det etterspurt meir informasjon om prosjekta på nettsida til strategigruppa. Sekretariatet følgjer dette opp.

Strategigruppa diskuterte erfaringane frå prosessen rundt tildeling av dei tverregionale midlane. Talet på søknader er eit godt teikn på at mange forskingsmiljø har nettverk som gjorde det mogeleg å mobilisere kjapt då utlysinga kom. Tilbakemelding til fleire RHF viser at fleire miljø ville søkt hadde tidsrommet mellom utlysing og frist vore lengre. Samstundes hadde regionane informert om den kommande utlysinga etter at midlane ble kjent (hausten 2014) og fram til utlysinga var klar (juni 2015). Det overordna læringspunktet for eventuelle seinare utlysingar er at alle moment må vere klargjort før utlysing, det vere seg avgrensing av tematikk (kva fell innanfor dei tematiske områda, kva som inngår i relevanskriteria (nytte, pasientgrupper o.l.), tydelege prinsipp for prosjektas omfang (budsjett) – kort sagt gjere prosessen enda meir open og forståeleg for miljøa.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe tek informasjonen til orientering. Erfaringane frå prosessen blir viktig grunnlag for eventuelle seinare utlysingar.

## 04/2015 Felles oppdrag i oppdragsdokumentet for 2015

I oppdragsdokumentet for 2015 har dei regionale helseføretaka fått fleire oppdrag som fordrar dialog og samarbeid. RHF-a si strategigruppe for forskning diskuterte særskilt punkta om vurdering av nytte i forskingsprosjekta, og etablering av nasjonale forskingsnettverk.

Retningslinjer for kva som skal inngå i vurderinga av prosjekta sin nytte bør vere klar før søknadsprosessen for 2016. Strategigruppa var samde i å støtte initiativet frå Helse Sør-Øst om å arrangere eit seminar der ein mellom anna inviterer representantar frå internasjonale miljø til å fortelle om deira bruk av nyttevurdering. Helse Sør-Øst arbeider vidare med seminaret saman med sekretariatet for strategigruppa og Forskingsrådet. Andre miljø kan bli trekt med i arbeidet.

Etablering av nasjonale nettverk er ein grunnpilar for kliniske studiar, og det er eit ønskje om å få eit større driv i dette arbeidet. NorCrim kan nyttast i enda større grad i å spreie informasjon om nettverka gjennom nettsida. Miljøa bør stimulerast til å etablere nettverk. Det er også behov for å definere kva nettverk er; Det må ha meirverdi utover å arbeide saman om ein søknad, men eit multisenterprosjekt kan gjerne vere starten på eit nettverk. NorCrim blir bedt om å koordinere arbeidet med å få på plass ein definisjon. Strategigruppa sine medlemmer kan melde moment til

definisjonen direkte til NorCrin. Saken vert tatt opp igjen på neste møte i strategigruppa der ein også må sjå vidare på kva for verkemiddel som må på plass for å få etablert fleire nasjonale nettverk. Det ligg også utfordringar knytt til å etablere nordiske nettverk.

Det er ønskeleg å følgje opp rapporten om persontilpassa medisin med blant anna formaliserte nettverk for å understøtte forskarsamarbeid og kliniske studiar. Saken blir sett opp på neste møte. Vedlagt referatet følgjer oppdrag og mandat til Helsedirektoratet om utarbeiding av ein nasjonal strategi for persontilpassa medisin.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe vil saman med Helse Sør-Øst og Forskringsrådet arrangere eit seminar i løpet av våren om nytte i forskningsprosjekt. AU vil følgje opp saka og arbeidet med felles retningslinjer, jf. oppdraget.
- RHF-a si strategigruppe ber NorCrin om å ta initiativ til utarbeiding av ein definisjon av forskingsnettverk. Vidare innspel utover det som kom fram i møtet kan sendast direkte til NorCrin.

## **05/2015 Tilsetting i vitskaplege stillingar**

Oslo universitetssjukehus v/ Erlend Smeland orienterte om utfordringane i tilsetting i mellombels vs. faste vitskaplege stillingar i helseføretaka, med utgangspunkt i eit pågåande arbeid i Oslo universitetssykehus og de rettigheter som følgjer av arbeidsmiljølova. UH-sektoren held seg til tenestemannslova, slik at regelverket treff ulikt innad i forskingsgrupper ved universitetssjukehusa.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe tek informasjonen til orientering.

## **06/2015 Ny organisering av NSG**

På møtet i Nasjonal samarbeidsgruppe for helseforskning (NSG) i november 2014 vart nytt mandat og ny samansetting vedtatt. Fram til neste NSG-møte i mai vert det arbeidd med å få på plass det nye NSG. RHF-a er blitt bedt om å melde inn ein representant frå RHF-et, og i fellesskap finne ein representant frå universitetssjukehusa (utpekt av det tverregionale fagdirektørmøtet).

Strategigruppa diskuterte tilnærminga til nye NSG, og ser i første rekke eit behov for å diskutere og forankre saker som skal opp i det nye organet.

Strategigruppa vil på eit seinare tidspunkt diskutere tilnærminga til det nyleg

etablerte HelseOmsorg21-rådet og handlingsplanen som HOD er i ferd med å utarbeide.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe tek med seg innspela som kom fram i møtet i sitt vidare arbeid. Sak om HOD sin handlingsplan med utgangspunkt i HO21-strategien vert tatt opp på eit seinare møte.

## **07/2015 Rapport frå KD si ekspertgruppe om finansieringssystem for UH-sektoren**

Kunnskapsdepartementet (KD) oppnemnte i april 2014 ei ekspertgruppe som fekk i oppdrag å gå gjennom finansieringsmodellen for universitet og høgskular og fremme forslag til forbetringar i modellen. Ekspertgruppa leverte sin rapport i januar 2015, der dei mellom anna kjem med innspel på endringar i indikatorane for måling av forskingsproduksjon. Sjølv om dette er ein rapport om finansieringsmodellen for UH-sektoren, er det nyttig å diskutere innspela mot dei indikatorane som finst for måling av forskingsproduksjon i helsesektoren.

Fristen for innspel til rapporten var tidleg februar 2015. HOD har i sitt høyringsinnspel peika på at det ikkje er ønskeleg med endringar som kan påverke samarbeidet med RHF-a i negativ retning. Saka blir tema også på neste møte i strategigruppa, og vil også bli meldt inn som sak på neste møte i NSG.

Strategigruppa ønskjer samstundes å sjå på indikatormodellen i helsesektoren. Fleire peika på at det kan sjå ut til at modellen har slått skeivt ut for universitetssjukehusa. NIFU blir bedt om å foreta simulering av dette med utgangspunkt i eksempel som kom fram i møtet.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe ber om at saken om forskingsindikatorar vert tatt opp igjen på neste møte.

## **08/2015 Status for søknadar frå HF-a til EU, NFR mv.**

Ein oversikt over søknader til Forskingsrådet vart lagt fram i møtet. Tal for nye EU-søknader for 2014 er enda ikkje klare. Forskingsrådet får tal frå EU i mars, og legg tala fram på neste møte i strategigruppa. Dei undersøker om det er råd å få ut regionsvise tal.

Det er fortsatt mogeleg å kome med innspel til Forskingsrådet om kva for insentivordningar det er behov for slik at EU-forskinga får eit løft.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe tek informasjonen til orientering.

## **09/2015 Formell oppnemning av representantar til CRISTins klageutval**

Universitets- og høgskulerådet har bedt om oppnemning av RHF-representant med vara til CRISTin sitt tvisteutval for perioden 2015-2017. Dagens RHF-representant er May Britt Kjelsaas (Helse Midt-Norge) med Fredrik Feyling (Helse Vest) som vararepresentant. Begge vart oppnemnt av strategigruppa på møtet i oktober 2013 (sak 47/2013) på bakgrunn av at dåverande RHF-representant i tvisteutvalet, Reidar Thorstensen, trakk seg etter at han ble valt inn i styret for CRISTin. CRISTin har meldt at dagens tvisteutval fungerer utmerket. På bakgrunn av dette foreslår arbeidsutvalet at noverande representant og vararepresentant fortsett i tvisteutvalet i perioden 2015-2017.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe utnemner May Britt Kjelsaas som representant og Fredrik Feyling som vararepresentant til CRISTin sitt tvisteutval for perioden 2015-2017.

## **10/2015 Orientering frå HOD**

HOD orienterte om arbeidet med klinisk forskning, ny programstruktur i Norges forskingsråd, oppfølging av HelseOmsorg21-strategien (mandatet vert sendt ut saman med referatet), oppdrag til Helsedirektoratet om å utarbeide en nasjonal strategi for persontilpassa medisin, (mandat vert sendt ut saman med referatet), og samarbeid mellom universitet og helseføretak.

Konklusjon:

- RHF-a si strategigruppe tek informasjonen til orientering

## **11/2015 Orientering frå Helsedirektoratet (UTGÅR)**

Status for nettside om pasientretta informasjon om kliniske studiar, v/ Nils Olav Refsdal.

Saka vert sett opp på eit seinare møte.

## **12/2015 Referat og anna oppfølging**

# RHF-enes strategigruppe for forskning

## Kontakt

Sølvi Lerfald

[solvi.lerfald@helse-bergen.no](mailto:solvi.lerfald@helse-bergen.no)

Ingrid Kalsnes

[Ingrid.kalsnes@helse-bergen.no](mailto:Ingrid.kalsnes@helse-bergen.no)

- Referat frå RHF-AU-møte 15. januar 2015
- Retningslinjer for felles oppdrag (oppfølging frå førre møte)
- Rapport på innovasjonsprosjekt med tilskott fra Innovasjon Norge

**13/2015**

## **Eventuelt**

- Strategigruppa vil be AD-ane om delegert myndighet til å utpeike felles representantar til utval og arbeidsgruppe innan forskning og innovasjon. Sekretariatet følgjer opp saka.
- Representant i publiseringsutvalet etter John-Torgils Vaage. Saka vert følgt opp av arbeidsutvalet.
- Representant til strategigruppa for konsortieavtaler. Strategigruppa anbefalte at RHF-a sin representant vert utpekt frå strategisk leiarnivå. Saka vert følgt opp av arbeidsutvalet.
- Helse Sør-Øst orienterte om eit elektronisk søknadssystem for innovasjonssaknader som dei har teke i bruk. Løysinga er midlertidig inntil det kjem eit felles system for alle RHF-a, gjerne gjennom eSøknad.